

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi forklaringsdag – 08. februar 2015

Preiketekst: Mark 9,2-13

Lesetekst I: 2 Mos 3,1-6

Lesetekst II: 2 Pet 1,16-18

Frå teiepåbod til talepåbod

Om dagen

Denne søndagen har fått namn frå ei feil omsetjing frå tysk til norsk. Det var Luther-bibelen som først omtala hendinga på fjellet som «er wurde verklärt». Det tyder ikkje at Jesus blei «forklart», men at han blei «gjort skinande». No ligg det vel ei slags klargjering i det, ei tydeleggjering av kven Jesus var og er. Dei fekk sjå Jesus «forvandla», ikkje til noko han ikkje var, men som eit glimt av den han var og er og skal vere. Då er vi i sentrum av det denne forteljinga seier til oss. Forkynnarens oppgåve blir å la Jesus stråle fram så stor og skinnande som han i realiteten er. Her blir ikkje vegen lang frå forkynning til tilbeding.

Moses og Elia

Forteljinga er nesten uråd å forstå utan god bakgrunn i jødane sin gamle bibel, i lova og profetane. Det kan alle sjå ved at Moses og Elia viste seg, men det er mykje meir. Alt peikar mot ein Jesus som ved sin person og si teneste langt overstig alt som har vore før. Kanskje er det som skjer, svaret på vers 1 i same kapitlet, der Jesus annonserer at nokre av disiplane skal få «sjå Guds rike kome i kraft» i deira levetid. Var det derfor Peter ville bygge hytter? Trudde han at han no var med på sjølv innbrotet av Guds rike i makt og herlegdom? Kanskje.

Både til Moses og Elia var det knytt jødiske forventningar om endetida. Då skulle løftet om den store profeten oppfyllest, 5 Mos 18,15, og då skulle Elia på nytt stige fram, Mal 4,5. Jesus stadfestar her at Elia-løftet blei oppfylt med døyparen Johannes. Ja, nettopp Moses og Elia er dei to profetane som blir nemnt hos GT sin siste profet, og som innevarslar den nye tida då hjarta skal forvandlast, Mal 4,4-6. Som god jøde visste Peter også godt at møtet med Gud på fjellet var avgjerande for historia. Så kanskje var det sjølv Guds rike dei såg glansen av.

Glansen frå himmelen

Dette skjedde «seks dagar etter». Det gjorde det sikkert, men det spelar også på at Moses blei kalla opp på fjellet til Gud etter seks dagar, 2 Mos 24. Moses hadde også tatt med seg tre namngjevne personar opp på Sinai, i tillegg til 70 namnlause, for å ta imot Guds lov. Då han steig fram igjen for folket, skein det frå ansiktet hans som ein refleks av samveret med Gud, 2 Mos 34. Evangeliet stiller dette nesten i skuggen. Jesus strålar ut frå seg sjølv og over dei gamle heltane.

Orda om Jesu reine, kvite glans minner om openberringa av Gud sjølv i Dan 7,9. Vi forstår at samanlikninga med Jesu herlegdom eigentleg ikkje er Moses på fjellet, men den Gud Moses møtte i den brennande tornebusken, jfr ein av lesetekstane. Så høyrer vi igjen røysta frå himmelen, den som lydte ved Jesu dåp, og budskapet er den same: Gud sjølv erklærer Jesus som høgst elska Son. Vi forstår at dette skal seie noko om Jesus og hans nære forhold til Gud som Far, og som ikkje kan seiast om nokon andre. Far og Son er eitt. Fars glans strålar ved Sonen, og Sonens glans openberrar Far. Derfor ligg det tyngde i orda ovanfrå: Høyr han! Akkurat som Gud sa i profetien om den store profeten, 5 Mos 18,15.

Herlegdom og lidning

Ved denne foreininga av Jesu herlegdom og Guds røyst berre feidar Moses og Elia ut. Deira tid var ute, og tilbake står berre Jesus. Det er eit oppbyggeleg poeng som ein ikkje treng å vere lekmann for å fange opp. Det er sjølv budskapet i teksten. Alt no og framover skal handle om Jesus. Disiplane trengte å forstå det, for no bar vegen tilbake til kvardagen preg av å ta korset opp og følgje Jesus, slik Jesu siste budskap før fjellturen var. («Fjellturen» til Tabor imponerer elles knappast ein vestlending, men dei fekk ta det dei hadde.)

Dei skulle straks høyre Jesus gjenta seg sjølv om hans lidning, død og oppstode. Dette var ord som omkransa opplevinga av Jesu forvandling. Og det var dette folk flest skulle vite akkurat då. Menneskesonen, personen med guddommeleg glans og med det eineståande forholdet til Himmels Gud i Dan 7,13f, måtte gå ein veg av lidning, for folkets skuld. Israels folk og heidningfolka. Disiplane diskuterte oppstoda, som dei truleg ikkje forstod. Seinare skulle dei sjølv bli vitne for den oppstadne. Då gjaldt ikkje påbodet om å teie lengre. Derfor skriv evangelistane om dette, og derfor stadfestar Peter det i dagens brevttekst.

Til misjon

Det var slik det var. Jesus måtte gå den vegen som var å gi avkall på sitt eige. No ber vi vitnemålet om at han døydde for oss og for våre synder, og at han ved si oppstode har overvunne døden. Det er den budskapet som trengs i Norge og i Israel. Det ligg framleis eit slør over auga på mange, jødar og heidningar, og skjuler Jesus for folks auge og sinn. Vi som har sett glimt av hans stordom og erfart kjærleiken i hans frelse, har fått endra teiepåbodet til eit talepåbod. Folk har rett til å høyre han og sjå han. Derfor må vi gjere Jesus kjent og teikne eit sant bilde av han – gjennom ord og gjerning – og i tilbeding.

Rolf Kjøde

Cand.theol. Ordinert prest. I mange år generalsekretær i Normisjon. Nå leiar for Kurs og oppdrag ved NLA Høgskolen.

rolf.kjode@nla.no